

Kvalitetshandbok for Eide

Ei oversikt over Internkontrollsystemet til
Eide



1. OM DENNE KVALITETSHANDBOKA	4
1.1. Ansvar og myndighet	4
2. MÅLSETJINGAR.....	4
2.1. Mål innan HMS	5
2.2. Mål innan Fiskehelse og -velferd	5
2.3. Mål innan rømming av fisk	7
3. STRATEGISK FUNDAMENT	7
3.1. Våre verdier	8
3.2. Våre lovnadar og fire F-ar	8
4. LEIARSKAP OG DEI TILSETTE SIN MEDVERKING.....	8
4.1. Leiinga si forplikting	8
4.2. Verneombod	9
5. ORGANISASJON I EIDE.....	9
5.1. Fordeling av oppgåver ved fråvær	10
5.2. Arbeidsavtaler.....	10
5.3. Intern kommunikasjon og møtestruktur	10
5.4. Kompetanse og opplæring	11
6. KVALITETSSYSTEMET I EIDE.....	11
7. RISIKOSTYRING OG BARRIERAR.....	12
7.1. Generelt	12
7.2. Risikokartlegging.....	12
7.3. Risikostyring.....	12
8. ENDRINGAR I DRIFT	13
9. UNDERLEVERANDØRAR.....	13
9.1. Forventningar og krav.....	13
9.2. Etikk og ansvar	14
9.3. Oppfølging og sanksjonar	14
10. HMS.....	14
10.1. Dokumentert sikkerheitsopplæring	14
10.2. Aleinearbeid.....	15
10.3. Bruk av verneutstyr	15
11. FISKEHELSE OG -VELFERD	15
11.1. Biosikkerheit	15
11.2. Dødelegheit	16
11.3. Ernæring og føring	16
11.4. Ekstern fiskehelsetjeneste	16
11.5. Avvik og risiko	16
12. HANDTERING AV HENDINGAR, AVVIK OG KORRIGERANDE TILTAK	17
12.1. System og ansvar	17
12.2. Avvikstypar og verktøy	17
12.3. Kultur for læring og førebygging	18
12.4. Kontinuerleg forbetring	18
13. STØTTEFUNKSJONAR.....	19
13.1. Ressursar.....	19
13.2. Kompetanse.....	19
13.3. Bevisstgjeriing.....	19
14. JOURNALFØRING I DAGLEG DRIFT	20

15. REKLAMASJONAR.....	20
16. INTERNREVISJON	20
17. REFERANSAR OG TILVISNINGAR.....	20

Innleiing

Eide er ein av pionerane innan havbruk. Me har produsert kvalitetsfisk sidan 1970. I dag driv andre og tredje generasjon selskapet saman med eit svært godt team. Samspel mellom eigarskap, ansvar og drift har alltid vore viktig for Eide, og dette er grunnlaget for nærleiken bedrifta har til produktet sitt og lokalsamfunnet rundt. Vårt fokus er langsiktig gode resultat i alle ledd. Me vil vera med på å forma morgondagens havbruk på ein best mogleg måte, slik at komande generasjonar både kan hausta og eta kvalitetssjømat frå Eide.

Kvardagen vår er eit kontinuerleg arbeid for betre kvalitet. Det handlar om å ha fagleg flinke og lokalt forankra tilsette som alle har same mål: Å produsera sjømat av høgaste kvalitet.

1. Om denne kvalitetshandboka

Denne Kvalitetshandboka er laga for å sikre at organisasjonen og alle prosessar og aktivitetar utførast i samsvar med dei lover og krav som gjeld for vår organisasjon, og gjeld for heile Eide konsernet (Eide Family, Eide Fjordbruk, Eide Smolt, Eide Båt, Eide Brandasund, Salmon Eye og Watermoon). Kvalitetshandboka skal vere eit dokument som kan nyttast ovanfor nytilsette, samarbeidspartnarar, myndigheiter og andre som treng ei djupare forståing av korleis kvalitetssystemet til Eide konsernet fungerer.

Eide har forplikta seg til å ivareta dei krav og forventningar som stilles til oss frå myndigheiter, eigarar, kundar, leiating og frå våre tilsette. Denne boka er det øvste dokumentet som forklarar korleis internkontrollsystemet heng saman.

Referansar for denne Kvalitets- og HMS-handboka er:

- IK Akva (Internkontrollforskrifta Akvakultur)
- IK Mat
- Internkontrollforskrifta
- Akvakulturloven
- Akvakulturdriftsforskrifta
- Dyrevelferdslova
- Dyrehelseforordninga
- Forureiningslova
- Arbeidsmiljøloven
- Forskrift om utførelse av arbeid.
- Matlova
- Andre nasjonale og lokale krav frå myndighetene.

1.1. Ansvar og myndigheit

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for å sikre at heile selskapet følgjer dei lovar og reglar som gjeld til ei kvar tid. Dette er delegert nedover til dei forskjellige leiarnivåa. Leiargruppa har ansvar for å gjennomgå internkontrollsystemet systematisk for å sikre at systemet fungerer som planlagt. Det er kvalitetssjef som har ansvaret for å halde dette dokumentet oppdatert til ei kvar tid. Kvalitetssjef har òg ansvaret for å følgje med på endringar i lover og reglar samt implementere dette i prosedyrane det vil gjelde for.

2. Målsetjingar

Eide skal vera ein trygg og forsvarleg arbeidsplass. Me skal strekkje oss mot å unngå ein kvar skade på menneske, fisk, utstyr, materiell eller ytre miljø ved vår produksjon.

1. Me skal arbeide for god dyrehelse og dyrevelferd for fisken i vår produksjon.
2. Arbeidsrelaterte sjukdommar skal unngåast ved å jobbe med førebygging.
3. Ingen av våre medarbeidarar skal utsettast for unødig eller helseskadeleg eksponering.
4. Sjukefråværet skal vere minimalt.

2.1. Mål innan HMS

Ein Trygg plass å arbeide

Folka som jobbar i Eide er ryggrada vår og heltane i historia om Eide. Dei tilsette er opptekne av fisken, kvarandre og verdien av trygge arbeidsplassar. Me har mål om at det skal vere trygt å gå på jobb i Eide og alle skal komme trygt heim.

Miljøstatus

Me har mål om å ha miljøstatus «meget god» eller «god» på alle våre lokalitetar. Me tok allereie i 2019 ei avgjerd om å ikkje lenger nytte koparimpregnering på nøtene våre, då kopar har ei lang nedbrytingstid og kan ha negativ påverknad på miljøet under anlegga. Vidare framover jobbar me med fleire pilotprosjekt for oppsamling av slam ved lokalitetane våre.

Avfall – ressursar på avvege

Me skal unngå at ressursar kjem på avvege gjennom å sørge for å ikkje bruke meir enn me må, og gjenbruka der me kan. I tillegg skal me arbeide for å kjempe mot utfordringa med plast i havet og bidra til å halde strendene reine.

Laksen som klimavinnar

Me trur at framtidens matproduksjon må vere karbonnøytral og at kundane våre ynskjer å kjøpe og ete sunn og god mat utan karbonavtrykk. Me har difor ein nullvisjon for utslepp av CO².

Trafikklyssystemet for berekraftig vekst

Vekst i oppdrettsnæringa vert i dag styrt etter eit trafikklyssystem der lakselus sin påverknad på villaksen er einaste indikator for berekraft. Me har mål om å oppfylle dei strenge vilkåra for «grønt lys» på alle våre lokalitetar uavhengig av området sin trafikklysstatus.

2.2. Mål innan Fiskehelse og -velferd

Eide-konsernet har èin veterinær helseplan (VHP) for settefisklokalitetar, og èin veterinær helseplan (VHP) for sjølokalitetar inkl. slakteri. I desse planane er det skildra hovudmål og delmål.

Hovudmål, delmål og handlingsplan:

Hovudmål
Settefisk: Ikkje ha meir enn 20% dødelegheit per produksjonssyklus frå augerogn leggst inn til smolten leverast
Matfisk: Ikkje ha meir enn 5% dødelegheit per produksjonssyklus i sjø

Delmål	Handlingsplan
ID: 408	Revisjonsdato: 28.04.2025 Versjonsnummer: 8 Ansvarlig: Olav Tveitnes Side 5 av 21

Delmål	Handlingsplan
Fisken skal i alle produksjonstrinn handterast på ein slik måte at den ikkje vert utsett for unødige liding	Alle driftsleiarar har fått beskjed om at det skal gjennomførast oppstartsmøte ved kvar handtering av fisk. Ved til dømes avlusing av fisk skal det i tillegg fyllast ut ei sjekkliste. Me følger opp at det blir fylt ut sjekkliste ved større operasjonar. Det er utarbeida ei prosedyre for avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd for å sikre god og systematisk oppfølging av avvik, samt retningslinjer for meldeplikt til Mattilsynet. Denne prosedyren har tilvisingar til andre relevante prosedyrar.
Fisken skal gjevast eit miljø og eit fôr som gjer den moglegheit til å meistre situasjonen utan unødige risiko for at sjukdom, misdanning eller skader oppstår	1. Settefisk-anlegg: Temperaturstyring (riktig temperatur til riktig stadie), sensorikk for måling av miljøparametrar og gode dataplattformer for visualisering av miljødata. 2. Overgang frå settefisk-anlegg til sjøanlegg: God smoltkvalitet, dvs. jamn fordeling av storleik på smoltgruppa og god status på smoltifisering (fisken skal vere klar for sjøsetjing). 3. Sjøanlegg: Kameraovervaking av alle merdar med jamleg kontroll av fisken si åtferd, sensorikk for måling av miljøparametrar og gode dataplattformer for visualisering av miljødata. Det er utarbeida eigen prosedyre for velferdsmessige tiltak.
Målsetjinga er at det til ei kvar tid vert utført god biosikkerheit og god hygiene for å hindre inntak av agens og hindre oppformering av smittsame agens på lokalitetane	1. Settefisk-anlegg: God biosikkerheit mellom avdelingar. 2. Overgang frå settefisk-anlegg til sjøanlegg: God biosikkerheit ved handtering og transport. 3. Sjøanlegg: God biosikkerheit ved eksterne og interne båtar, bruk av utstyr og mellom produksjonssyklusar. Det er utarbeida biosikkerheitsplan for alle våre anlegg med tilvising til prosedyrar innan biosikkerheit.

2.3. Mål innan rømming av fisk

Vill laksefisk og vår påverknad på den

Me har ein nullvisjon for rømming av fisk frå våre anlegg og arbeider systematisk med førebygging og risikovurdering av utstyr og operasjonar. I tillegg arbeider me aktivt for å auka kunnskapsgrunnlaget om oppdrettsnæringa sin påverknad på villaksen.

Delmål for å minske sannsynet for rømming av fisk er:		
Delmål	Handlingsplan	Ansvar
Gjennomføre årleg prosedyregjennomgang omkring handtering av fisk.	Dette er ein del av årleg gjennomgang. Alle prosedyrane er merka med utløpsdato. Produksjonssjef vil få varslings på at gjennomgang må takast	Produksjonssjef
Gjennomføre oppstartsmøte ved kvar handtering av fisk.	Det gjennomførast oppstartsmøte ved kvar handtering av fisk. Ved avlusing av fisk skal det i tillegg fyllast ut ei sjekkliste. Me følger opp at det blir fylt ut sjekkliste ved kvar avlusingsoperasjon	Produksjonssjef / driftsleiarar
Svinn ved utslakt på merdnivå mindre enn 6% i forhold til tal på utsett fisk oppgitt frå settefisk.	Dette skal evaluerast når lokaliteten er slakta ut.	Produksjonssjef
Liten leppefisk (små Bergnebb og Grasgylt) bør berre nyttast i smoltnøter.	Dette følgast opp etter kvart utsett. Driftsleiar har ansvar for å kontrollere storleik på not opp mot fisk som setjast ut.	Driftsleiarar
Gjennomgang av rømmingskurs for alle tilsette annan kvart år.	Dette målet vert følgt opp som ein del av kompetanseoversikten i selskapet. Kurs vil gå ut på dato, og de vil nye kurs etter kvart. Kurset er bedriftsinternt, og vert oppdatert med ny informasjon etter kvart som denne blir kjent.	Kvalitetssjef / HR
>95% gjennomførte daglege, vekentlege og månadlege sjekklister	Dette vert fylgt opp kvar månad i ein eigen rapport. Det vert kommunisert tilbake til driftsleiar om ein når målet eller ikkje.	Kvalitetssjef

Desse delmåla skal evaluerast som ein del av internrevisjonen av lokalitetane som gjennomførast i selskapet. På den måten vil ein få ein systematisk gjennomgang av alle delmåla.

3. Strategisk fundament

«Set standarden for framtidens havbruk»

Vår visjon er å sette standarden for framtidens havbruk. Som eit familieeigd selskap med lang historie er det viktig for oss å drive på ein måte som gjev oss anledning til å drive langsiktig, slik at me kan vidareføre familiebedrifta til neste generasjon i endå betre stand enn då me overtok.

Eide er ikkje blant dei største og kan ikkje vinne på volum, men me kan strekke oss for å bli best på mange andre område. Vår visjon handlar om dette. Me vil gå i front og vere eit eksempel for etterfølging. Me vil produsere mat i sjøen på ein berekraftig måte for framtida og komande generasjonar. Me bryr oss om kvarandre, fisken vår, og miljøet me driv og lever i.

Me er òg veldig klare på at me trur framtida for matfiskproduksjon i Noreg er i sjøen, og at det er fjordane våre og det reine vatnet vårt som er vårt viktigaste fortrinn i konkurransen med pengesterke aktørar i utlandet. Samtidig tek me utfordringane med dagens opne merdar på alvor, og innser at me treng nye løysingar for å få bukt med særleg utfordringa knytt til lakselus. Derfor vil me investere i å vidareutvikle dagens driftsform i sjø gjennom å satse heilhjarta på å utvikle og ta i bruk ny og lusefri teknologi for oppdrett i sjø.

3.1. Våre verdier

Samarbeidsvillig	- Me gjer kvarandre gode og deler kunnskap og erfaring på tvers. Me støttar kvarandre og deler kjensler for fisken, fjorden og bygdene.
Uredd	- Me har viljestyrke, fokuserar på det me kan påverka og gjev oss ikkje. Me tør å gå våre eigne vegar og feile undervegs
Påliteleg	- Me har tillit til kvarandre, er lojale mot selskapet og kvarandre. Me står for det me seier og gjer, og leverer på det me har lova.
Nytenkjande	- Me verdset mangfald og kreativitet, der dei beste idèane skal vinne fram. Me tenkjer utanfor boksen, og lyttar til dei som er nærast utfordringa.

3.2. Våre lovnadar og fire F-ar

Folk	– Me tek vare på kvarandre og har det kjekt i lag
Fisk	– Me skal sette kvalitet og fiskevelferd i sentrum
Fjord	– Me skal drive ansvarleg og miljøbevisst produksjon
Framtid	– Me skal investera i framtidens havbruk

Referansar til kapittel:

Ref: Bærekraftsrapport – Sjå efb.no

4. Leiarskap og dei tilsette sin medverking

4.1. Leiinga si forplikting

Leiing i Eide omfattar alle aktivitetar og haldningsskapande arbeid som skal bidra til at organisasjonens tilsette er motiverte og kapable til å levere dei produkta og tenestene som forventast av våre interessentar.

I denne leiinga inngår:

- **Organisasjon og ressursar** – me kartlegg gjennom kundeundersøkingar, medarbeidarundersøkingar og medarbeidarsamtalar om me har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse i organisasjonen. Ved «gap» vert tiltak iverksett.
- **Ansvar og myndigheit** – Me delegerer i størst mogleg utstrekning ansvar og myndigheit nærmast det punktet kor slutninga takast.
- **Kompetanseutvikling** – Me kartlegg gjennom medarbeidarundersøkingar og medarbeidarsamtalar om organisasjonen/medarbeidaren innehar nok kunnskap og iverksett tiltak om behov.
- **Leiaraktiviteter** - Organisasjonens leiargruppe har regelmessige møter kor målstyring, ressursar, fokusområde og bemanning vert analysert.
- **Dagleg leiing og møter** – den daglege leiinga skal sørge for å være tilgjengelege for sine tilsette, ha ein klar møteagenda og gå føre som eit godt eksempel.
- **Fastsetting og oppfølging av forbetningsmål** – gjennom årlege medarbeidarsamtalar.

4.2. Verneombod

I Eide har me delt operasjonane inn i geografiske verneområde. Desse områda er Hardanger, Nordhordland, Nordfjorden og Solund. Kvart verneområde har sitt eige verneombod. Verneombod er valt for to år om gongen. Saman dannar desse vernegruppa, og dei skal i mellom seg bli einige om kven som vert utnemnd som hovudverneombod.


Verneombod og leiinga har månadlege møter der dei drøftar saker som omhandlar ansvarsområde til verneomboda.

Referansar til kapittel:

Ref: Funksjonsbeskriving for verneombod – dokID: 2100

Ref: Val av verneombod – dokID: 3189

5. Organisasjon i EIDE



Figur 1 - organisasjon

5.1. Fordeling av oppgaver ved fråvær

Ved sjukdom eller anna fråvær er det den tilsette sin næraste leiar som har ansvaret for å sikre at alle oppgåver vert gjennomført. Dette kan gjerast ved at næraste leiar tek over desse oppgåvene, oppgåvene delegerast til andre, eller ein kombinasjon av dette.

5.2. Arbeidsavtaler

I Eide har me arbeidsavtalar inkludert stillingsbeskriving for alle tilsette.

Det er i stillingsbeskriving angitt følgande informasjon som er viktig:

- Organisasjonsforhold - Beskriv kven som er den tilsette sin næraste overordna.
- Ansvarsområde - Beskriv kva ansvar den tilsette har i sitt virke, kva mandat den tilsette har med tanke på avgjersler som skal tas, samt kva ansvar den tilsette har ut av selskapet.
- Arbeidsoppgåver - Beskriv kva arbeidsoppgåver det forventast at den tilsette ivaretek i sitt daglege arbeid.

Det er i tillegg til dette utarbeid funksjonsbeskriving for viktige funksjonar som tilsette kan ha i tillegg til si faste stilling – til dømes verneombod.

5.3. Intern kommunikasjon og møtestruktur

Eide-konsernet har ei fast og gjennomtenkt møtestruktur for å sikre god kommunikasjon, samhandling og effektiv drift. Desse møta legg til rette for at alle tilsette, frå drift ute på lokalitetane til leinga, får nødvendig informasjon og høve til å drøfte og ta avgjerder i fellesskap.

Kort oppsummering av intern kommunikasjon og møtestruktur i Eide-konsernet

- **Produksjonsmøte**
Alle tilsette som kan, møtest for å oppdatere kvarandre på status for lokalitetane, produksjonsplanar og fiskehelse. HMS-oppdateringar som gjeld heile konsernet blir òg tekne opp.
- **Driftsleiarmøte**
Driftsleiarar, produksjonssjef og relevante støttefunksjonar samlast for å planleggje komande aktivitetar, ta opp tekniske og kvalitetsrelaterte saker og koordinere ressursar.
- **Vekeplanmøte**

Kvar driftsleiar har møte med sine tilsette for å gå gjennom plan for neste veke. Her vert ressursar og ansvar fordelt.

- **Teknisk møte**

Møte der teknisk avdeling går gjennom alle aksjonar som ligg på teknisk. Dette er eit møte der også driftsleiarar deltek slik at dei er informert om kva som skjer på lokalitet til ei kvar tid.

- **Eide Family-møte**

Leiinga diskuterer strategiske og større saker som krev samarbeid og felles avgjerder på tvers av avdelingane.

Denne strukturen sikrar ein tydeleg informasjonsflyt frå lokalitetsnivå til leiargruppa, og tilbake til alle involverte. Slik får alle høve til å dele relevant informasjon, løyse utfordringar og ta felles ansvar for drift, produksjon, fiskehelse og HMS.

5.4. Kompetanse og opplæring

Ansaret for å sikre rett kompetanse i selskapet vert ivaretatt av fleire tilsette og for å sikre at alle tilsette har den rette kompetansen i sitt arbeid har me innført ei eigen kompetansematrise som viser påkravd kompetanse pr. tilsett. Denne vert oppdatert av HR samtidig som driftsleiarane har tilgang for å overvake om nokon har utgåande kompetanse.

Verneombod har òg eit ansvar for å sørge for at alle tilsette har rett kompetanse i forhold til dei oppgåvene dei vert sett til å gjennomføre.

Det er kompetansemodulem i Landax som handterer dette.

Referansar til kapittel:

Ref.: Opplæring – dokID: 475

Ref.: Opplæringsplan – dokID: 476

Ref: Prosedyre for kompetanseadministrasjon – dokID: 4560

Ref: Funksjonsbeskriving for Verneombod – dokID: 2100

6. Kvalitetssystemet i Eide

Kvalitetssystemet i Eide konsernet er bygd opp på den digitale plattformen Landax. Landax består av mange ulike modular som til saman utgjør vårt kvalitetssystem.

Modulane som nyttast er mellom anna:

- Dokumentbibliotek
- Avvik
- Utstyr
- Prosessar
- Risiko
- Sjekklistar
- Kompetanse
- ...

Modulane kan integrerast opp mot kvarandre som gjer at informasjon blir lett tilgjengeleg for dei tilsette og gjer arbeidsdagen så lett som mogleg. Til dømes kan prosedyrar koplast inn i ei sjekkliste for å gjere utfylling og gjennomgang av sjekklister så brukarvennleg som mogleg dei tilsette i drift.

Systemet er tilgjengeleg både som fullverdig web-basert program og via app for dei tilsette.

Dokumentasjon blir arkivert i Landax i dei ulike modulane for å dokumentere at aktivitetar er utført som planlagt, til dømes:

- Gjennomførte sjekklister på bl.a.:
- Periodiske kontrollar av lokalitetar
- Periodiske kontrollar av fartøy
- Vernerundar
- Hygienekontrollar
- Miljøundersøkingar
- Avlusing og levering
- Revisjonar
- Kompetansebevis
- Protokoll frå møter
- Avvikshandtering og forbetningsforslag
- Risikostyring

7. Risikostyring og barrierar

7.1. Generelt

Eide-konsernet har som visjon å setje standarden for framtidens havbruk. Dette gjeld òg innanfor internkontroll og styring, og me har derfor etablert ein systematisk og heilskapleg tilnærming til risikostyring som gjeld for alle selskap og tilsette. Formålet er å sikre trygg, berekraftig og effektiv drift ved å redusere risikoar til eit akseptabelt nivå. Arbeidet er forankra i konsernet sitt internkontrollsystem og byggjer på anerkjende standardar som ISO 31000, NS 5814 og beste praksis.

Risikostyring er eit felles ansvar. Leiinga har det overordna ansvaret, medan alle tilsette har ei viktig rolle i å identifisere avvik, foreslå forbetringar og bidra til kontinuerleg forbetningsarbeid.

7.2. Risikokartlegging

Risikokartlegging i Eide skjer både på strategisk- og operativt nivå. Strategisk nivå inneberer å handtere risikoar som kan påverke konsernets overordna mål og framtidige utvikling, medan operasjonelt nivå omhandlar risikostyring i den daglege drifta, inkludert bl.a. spesifikke arbeidsoperasjonar.

7.3. Risikostyring

Eide nyttar ei barrierebasert tilnærming til risikostyring, der tiltak for å førebyggje og redusere risikoen med fortrinnsvis sannsynlighetsreducerande barrierar er essensielt. Barrierar kan vere tekniske, organisatoriske eller operative, og effektiviteten blir vurdert kontinuerleg ved bruk av både førebyggjande (leiande) og etterfølgjande (etterslepande) indikatorar.

Når uønskete hendinger oppstår skal avvik registrerast digitalt og behandlast systematisk. Årsaker og læring frå avviket skal brukast vidare for å forbetre system og rutinar. Dette sikrar at risikostyringa til konsernet er levande, tilpassa og stadig utvikla.

Referansar til kapittel:

Ref: Risikovurdering og risikostyring – DokID: 333

8. Endringar i drift

Eide arbeider kontinuerleg med endringar som eit naturleg ledd i vår satsing på berekraft, innovasjon og kontinuerleg forbetring. Me tek i bruk ny teknologi, utviklar meir berekraftige driftsformer og testar ut alternative metodar som kan redusere miljøavtrykk, auke fiskevelferd og betre produksjonseffektiviteten. Endringsarbeidet skjer i tett samarbeid mellom fagmiljø, driftsleiarar og eksterne samarbeidspartnarar, og byggjer på både erfaring og datadrevet innsikt.

Alle endringar vert gjennomført etter eit strukturert forbetringssystem, der dei vert planlagt, risikovurdert og kvalitetssikra før implementering. Det vert sett krav til dokumentasjon og evaluering, og store endringar vert følgd opp med pilotprosjekt eller trinnvis innføring. I tillegg er det stort fokus på kompetansebygging hjå tilsette, slik at nye rutinar og teknikkar vert forstått, forankra og praktisert i samsvar med både interne krav og eksterne standardar.

Referansar til kapittel:

Ref: Risikovurdering og risikostyring – DokID: 333

9. Underleverandørar

Eide-konsernet stiller tydelege krav til alle leverandørar og underleverandørar, og føreset at dei deler Eide sine verdiar, mål og standardar for berekraft, helse, miljø og sikkerheit (HMS), og etisk forretningspraksis.

9.1. Forventningar og krav

Me forventar at alle leverandørar skal:

- Følgje gjeldande lover og forskrifter, samt Eide sine interne HMS- og etiske retningslinjer.
- Ha eigna kvalitetssystem og sikre naudsynt opplæring av eget personell.
- Rapportere alle HMS- og kvalitetsavvik utan opphald, og samarbeide ved alvorlege hendinger.
- Bidra til førebygging av rømming, smitte, og forureining gjennom risikovurderingar, beredskapsplanar og god biosikkerheit.
- Dokumentere reinhald, desinfeksjon, samt annan nødvendig informasjon ved leveransar.
- Bruke verneutstyr og følgje prosedyrar ved risikofyllt arbeid.

9.2. Etikk og ansvar

Alle våre leverandører og kundar er forplikta til:

- Å overhalde menneskerettar, ILO-konvensjonar og unngå diskriminering, barnearbeid og tvangsarbeid.
- Å redusere miljøpåverknad og klimautslepp i tråd med internasjonale standardar og Parisavtalen.
- Å opptre etisk og transparent, med nulltoleranse for korrupsjon, svindel og interessekonfliktar.
- Å dele krav vidare til sine eigne underleverandører og sikre at desse etterlever retningslinjene.

9.3. Oppfølging og sanksjonar

Eide forbehold seg retten til å gjennomføre revisjonar og kontrollar, med moglegheit for sanksjonar – inkludert utelukking frå framtidige kontraktar – ved brot på retningslinjene. Leverandører skal òg rapportere eventuelle brot i verdikjeda og bidra til kontinuerleg forbetring.

Referansar til kapittel:

Ref.: Etiske retningslinjer for leverandører og kunder – dokID: 10030

Ref.: HMS retningslinjer for leverandører – dokID: 9787

10. HMS

Den viktigaste ressursen i Eide er folk - dei tilsette. Alle skal koma seg trygt heim kvar dag utan skade eller uhell. For å få dette til har me eit stort fokus på HMS.

10.1. Dokumentert sikkerheitsopplæring

Utstyr som via ei risikovurdering krev særskild forsiktighet ved bruk skal berre nyttast av tilsette som har fått dokumentert sikkerheitsopplæring på det spesifikke utstyret. Sikkerheitsopplæringa skal bestå av ein teoretisk og ein praktisk del.

I Eide gjeld dette som eit minimum følgande utstyr:

- Båtar
- Kran, nokk og vinsj
- Truck

Referansar til kapittel:

Ref.: Dokumentert opplæring teoridel – dokID: 4267

Ref.: Sjekkliste for obligatorisk dokumentert opplæring del 1 - id 238

Ref.: Sjekkliste for obligatorisk dokumentert opplæring del 2 – id 239

10.2. Aleinearbeid

Å arbeide på sjøen er eit risikabelt yrke. Me har derfor utarbeida ei eiga prosedyre for aleinearbeid. Denne prosedyren seier noko om kva som er definert som aleinearbeid, og korleis dette skal gjennomførast slik at risikoen for dei tilsette er redusert til ein forsvarleg risiko.

Referansar til kapittel:

Ref.: Aleinearbeid – dokID: 929

10.3. Bruk av verneutstyr

Det er mange tilfelle der me ikkje klarar å fjerne all risiko for at hendingar skal oppstå. For å redusere konsekvens for ei hending dersom ho skulle inntreffe er det viktig at alle tilsette nyttar det verneutstyret som er påkrevd i dei forskjellige situasjonane. Dette er definert i eit eige dokument for bruk av verneutstyr.

Referansar til kapittel:

Ref.: Bruk av verneutstyr – dokID: 1246

Ref.: Prosedyre for bruk av radio – dokID: 632

11. Fiskehelse og -velferd

Eide skal sikre god fiskehelse og høg velferd ved å førebyggje sjukdom, overvake helsestatus og gjennomføre nødvendige tiltak ved avvik. Arbeidet er forankra i klare ansvarsforhold, systematisk registrering og vurdering av velferdsindikatorar, samt etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Fisken skal behandlast som eit levande vesen med eigne behov, og tiltak skal setjast inn raskt for å hindre unødig lidning.

I opne merdar er det ikkje alle faktorar me kan gjere noko med, men det er likevel mange faktorar me kan påverke for at fisken skal ha det best mogleg. Me har ei eigen prosedyre for oppfølging av fiskehelse og -velferd på sjøanlegg.

Referansar til kapittel:

Ref.: Oppfølging av fiskehelse og -velferd – matfisk – dokID: 9917

11.1. Biosikkerheit

Eit av dei viktigaste tema innan fiskehelse og -velferd er biosikkerheit. Førebygging av sjukdommar med god biosikkerheit er alfa og omega ved høg dyretettleik som i oppdrett. Me har eigne biosikkerheitsplanar for matfisk og våre settefiskanlegg for å sikre at restrisikoen omkring biosikkerheit er på eit akseptabelt nivå. Desse biosikkerheitsplanane har tilvisingar til relevante prosedyrar innan biosikkerheit.

Alle røktarar i Eide har årleg kurs innan hygiene og biosikkerheit.

Referansar til kapittel:

Ref.: Biosikkerhetsplanar pr. lokalitet matfisk – dokID: 9499, 9493, 9495, 7357, 17946, 9498, 9497, 9492, 9494, 9496, 18302, 18303, 18301.

Ref.: Biosikkerhetsplan KJ Eide - dokID: 954

Ref.: Biosikkerhetsplan Lialaks - dokID: 5730

Ref.: Biosikkerhetsplan Sunndal - dokID: 11656

11.2. Dødelegheit

Eide har eit stort fokus på å få ned dødelegheita til fisken. Her nyttar me fleire ulike strategiar for å redusere dødelegheit til akseptabelt nivå. Blant anna større smolt, spesielt på utsette lokalitetar; strategisk utsett med tanke på kva smolt me set ut kor til kva tid; mindre slaktestorleik og me satsar stort på økologisk produksjon som økonomisk sett kan forsvare ein mindre slaktefisk.

11.3. Ernæring og fôring

God ernæring er eit fundament til betre helse og robustheit. Rask tilvekst i sjøfasen vil òg redusere tida i sjø, og dermed eksponeringstida for lus og andre helseutfordringar. Me i Eide strevar etter å tilby fisken eit best mogleg fôr tilpassa stadiet fisken er i, samtidig som me har fokus på god utfôring, kvar dag, ved å blant anna alltid ha ein tilsett på kvar lokalitet som har ansvar for fôring. Me har òg jamlege fôrmøter for alle som fôrar fisk der me deler erfaringar for å sørge for kontinuerleg forbetring.

11.4. Ekstern fiskehelsetjeneste

Me har avtale med ekstern fiskehelsetjeneste på alle våre lokalitetar. Ekstern fiskehelsetjeneste føl opp alle lovpålagte besøk, med fleire, i samsvar med prosedyren «fiskehelsetjeneste – tilsynsveterinæravtale». Intern veterinær og ekstern fiskehelsetjeneste utarbeider årleg ein veterinær helseplan.

Alle lovpålagte og anbefalt kurs og kompetanse innan fiskehelse og -velferd er med i kompetansematrisa til Eide (sjå avsnitt 15.2).

Referansar til kapittel:

Ref.: Fiskehelsetjeneste - tilsynsveterinæravtale- dokID: 452

Ref.: Veterinær helseplan Eide Fjordbruk - dokID: 2701

Ref.: Veterinær helseplan Eide Smolt - dokID: 2718

11.5. Avvik og risiko

I vårt avvikssystem i Landax har me ein eigen kategori for avvik innan fiskehelse og -velferd med tilhøyrande prosedyre for avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd. Dette er for å raskt fange opp alle avvik som påverkar fiskehelse og -velferd. Intern veterinær er ansvarleg for handteringa av avvik i denne kategorien og vert varsla når det vert ført nye avvik. For å sikre at meldepliktige hendingar vert meldt til Mattilsynet i samsvar med forskrifter og veilederar er det eit eige felt ved

avviksføring som skal kryssast ut om det er meldepliktig eller ikkje. Dette skal vere haka av før avviket kan lukkast.

Under risikoanalyse i Landax er fiskehelse og -velferd òg ein eigen kategori. Ved avvik i denne kategorien vert avviket knytta opp mot tilhøyrande risikoanalyse og det vert tatt ei vurdering om risikoanalysen må reviderast. Intern veterinær har ansvar for at dette vert utført.

Referansar til kapittel:

Ref.: Varsling til Mattilsynet og avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd – matfisk - dokID: 558

12. Handtering av hendingar, avvik og korrigerande tiltak

I Eide har det tradisjonelt vore mest fokus på registrering av avvik etter at skade har oppstått. Dette er i endring. I dag er det eit sterkt fokus frå leiinga på også å registrere tilstandar og tilløp, for å kunne drive meir førebyggjande styring. Å fange opp avvik før skaden skjer er ein sentral del av Eide si vidareutvikling av risikostyringsprosessen.

12.1. System og ansvar

Alle tilsette har ansvar for å melde frå om avvik i Landax, anten via web eller app. Det er etablert klare prosedyrar for:

- Strakstiltak for å stoppe eller avgrense skade
- Registrering og vurdering av avvik
- Årsaksanalyse og etablering av korrigerande tiltak
- Lukking og kontroll av effekt
- Langtidskontroll gjennom revisjon og rapportering

Ved fiskehelseavvik føreligg egne krav til registrering, varsling og oppfølging, inkludert eventuelt varsel til Mattilsynet ved dødelegheit, sjukdom, redusert velferd eller fare for rømming.

12.2. Avvikstypar og verktøy

Avvik kategoriserast i Landax i seks typar:

- HMS
- Produksjonsavvik (inkl. fiskehelse og rømming)
- Forbetringsforslag
- Leverandøravvik
- Reklamasjonar og eksterne klager
- Systemavvik (frå t.d. revisjon, vernerunde)

Alle avvik vert vurdert for behov for korrigerande tiltak som kan inkludere endring av rutinar, nye prosedyrar, endra ressursbruk eller skifte av leverandør.

12.3. Kultur for læring og førebygging


Det er eit uttalt mål at avvikssystemet skal vere eit aktivt verktøy for kontinuerleg forbetring, ikkje berre for rapportering. Systematisk analyse av utvikling i avviksnivå, bruk av indikatorar og revisjonar skal sikre læring på tvers i organisasjonen.

12.4. Kontinuerleg forbetring

Det er etablert følgande aktivitetar relatert til kontinuerleg forbetring:

- Handtering av hendingar, avvik og korrigerande tiltak.
- Kontinuerleg forbetring av prosessar og kvalitetssystemet generelt.
- Forslag til forbetringar gjennom avvikssystemet.

Kvalitetssystemet er organisert i samsvar med det klassiske forbettringshjulet ofte nytta i samband med LEAN:



Figur 2 - Kontinuerleg forbetring

I Eide skal me setja standarden for framtidens havbruk. Dette betyr at me skal arbeida med kontinuerleg forbetring i alle ledd.

Når det gjeld arbeidet med IK systemet er prosedyrar, opplæring, involvering, standardisering og tydelege planar noko av det som gjev grunnlaget for kontinuerleg forbetring. Kvar gong me får inn forslag, uynskte hendingar, tilbakemelding frå revisjonar (eksterne og interne), vedtak eller liknande skal me arbeida for å forbetre IK-systemet og våre egne arbeidsmetodar.

Referansar til kapittel:

Ref.: Avviksbehandling og korrigerande tiltak – dokID: 332

Ref.: Varsling til Mattilsynet og avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd - matfisk – dokID: 558

Ref.: Avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd – dokID: 10849

Ref.: Risikovurdering og risikostyring – dokID: 333

13. Støttefunksjonar

13.1. Ressursar

Eide har fastsett dei ressursane som er nødvendig for etablering, implementering, vedlikehald og kontinuerleg forbetring av kvalitetssystemet.

Oppgåver i forbindelse med dette er:

- Vedlikehald av kvalitetssystemet
- Intern opplæring
- Bidra til forbetringsarbeid og passande metode for dette
- Sørge for nødvendig internrevisjon
- Oppretthalde sertifiseringsordningar

13.2. Kompetanse

Eide nyttar kvalitetssystemet for å ivareta nødvendig kompetanse for alle tilsette i vår organisasjon. For alle tilsette er det oppretta ei kompetansematrise som viser kva slags kompetanse som krevjast for rolla ein innehar. Samtidig vert det lagt inn den faktiske kompetansen som vedkommande har. Samla vil dette gje ei «gap»-analyse som viser kva slags kompetanse som må gjennomførast. Det er driftsleiarane som er ansvarleg for at alle tilsette får den rette kompetansen.

I denne kompetanseprosessen inngår det:

- Lovpålagt kompetanse.
- Kompetanse organisasjonen har fastsett for dei tilsette.
- Kompetansekrav frå våre kundar eller samarbeidspartnarar som er relevant.

Kompetansebevis eller annan dokumentasjon som bevis for gjennomført kompetansetiltak er klassifisert som dokumentert informasjon som skal oppbevarast i kvalitetssystemet.

13.3. Bevisstgjeri

Bevisstgjeri av alle tilsette og viktige samarbeidspartnarar vurderast som ein forutsetning for å lykkast med kvalitetsarbeidet. Bevisstgjeri er kommunisert som eit ansvar for leiarar og tilsette. Organisasjonen sørger for tilstrekkeleg bevisstgjeri for alle ledd i organisasjonen, samt dei eksterne som utfører arbeid på vegne av oss.

Følgande aktivitetar inngår i denne bevisstgjeri:

- Etablering, vedlikehald og kommunikasjon av policyar for leiinga.
- Kommunisere viktigheita av medverking frå dei tilsette inn i kvalitetsarbeidet.
- Informasjon til alle tilsette om konsekvensen av å ikkje etterleve kvalitetssystemet

for Eide

14. Journalføring i dagleg drift

Journalføring i Eide skal gjerast i forskjellige verktøy.

- Mercatus – Mercatus er vårt produksjonsstyringssystem. Dette skal oppdaterast minst ein gong i veka (helst dagleg) med viktig informasjon frå drifta. Daglege registreringar er: fôrforbruk, dødelegheit, temperatur.
- Clarify – Eit loggeverktøy der me legg inn viktige hendingar, bilete, kommentarar osb.
- Landax – Kvalitetssystemet som inneheld blant anna avvik, prosedyrar, risikoar, sjekklister og sjekklistesvar, protokollar (vernerundar, internrevisjonar mm.), tilvising til relevant lovverk osb.

15. Reklamasjonar

For å sikre god kundebehandling og oppretthalde tillit i marknaden, har Eide etablert ein eigen prosedyre for handtering av reklamasjonar. Prosedyren legg vekt på rask, strukturert og dokumentert oppfølging av kundeklager, og har som mål å identifisere rotårsakar samt unngå gjentakning av kvalitetsfeil. Alle reklamasjonar skal registrerast som avvik i kvalitetssystemet og behandlast etter fastsatt metodikk for avvikshandtering og kontinuerleg forbetring.

Referansar til kapittel:

Ref: Handtering av reklamasjonar – dokID: 554

16. Internrevisjon

Revisjonar er ein sentral del av Eide sitt arbeid med kvalitet og kontinuerleg forbetring. Gjennom systematiske interne og eksterne revisjonar sikrar vi at både vår eiga drift og våre samarbeidspartnarar etterlever gjeldande krav, standardar og forventningar – innan HMS, fiskevelferd, mattryggleik, etikk og miljø. Revisjonane er eit viktig verktøy for å identifisere forbetringsområde og styrke risikostyringa, og dei blir planlagde og gjennomførte med utgangspunkt i risikovurderingar, lovkrav og strategiske mål.

Referansar til kapittel:

Ref: Intern- og eksternrevisjon – dokID: 334

17. Referansar og tilvisningar

<i>Ref: Bærekraftsrapport</i>	– Sjå efb.no
<i>Opplæringsplan</i>	– dokID: 476
<i>Opplæring</i>	– dokID: 475
<i>Risikovurdering og risikostyring</i>	– dokID: 333
<i>Aleinearbeid</i>	– dokID: 929
<i>Etiske retningslinjer for leverandørar og kundar</i>	– dokID: 10030
<i>HMS retningslinjer for leverandørar</i>	– dokID: 9787

<i>Bruk av verneutstyr</i>	– dokID: 1246
<i>Prosedyre for bruk av radio</i>	– dokID: 632
<i>Handtering av reklamasjonar</i>	– dokID: 554
<i>Intern- og eksternrevisjon</i>	– dokID: 334
<i>Dokumentert opplæring teoridel</i>	– dokID: 4267
<i>Skjema for gjennomført praktisk utsjekk</i>	– dokID: 4215
<i>Varsling til Mattilsynet og avvikshandtering innan fiskehelse og -velferd – matfisk</i>	- dokID: 558
<i>Oppfølging av fiskehelse og -velferd – matfisk</i>	– dokID: 9917
<i>Fiskehelsetjeneste – tilsynsveterinæravtale</i>	- dokID: 452
<i>Veterinær helseplan Eide Fjordbruk</i>	- dokID: 2701
<i>Veterinær helseplan Eide Smolt</i>	- dokID: 2718
<i>Biosikkerhetsplanar pr. lokalitet matfisk</i>	– dokID: 9499, 9493, 9495, 7357, 17946, 9498, 9497,
<i>9492, 9494, 9496, 18302, 18303, 18301.</i>	
<i>Biosikkerhetsplan KJ Eide</i>	- dokID: 954
<i>Biosikkerhetsplan Lialaks</i>	- dokID: 5730
<i>Biosikkerhetsplan Sunndal</i>	- dokID: 11656